

Høyringsssvar



Norsk Studentunion
-stifta 1936 -

Storgata 19, 0184 Oslo
Tlf: 22044950
Fax: 22244247
E-mail: nsu@nsu.no
Web: www.nsu.no

**Høyringsssvar til ”Høring – Forslag om utvidet
merverdiavgiftsplikt på kultur- og idrettsområdet”**

**Høyringsssvar frå
Norsk Studentunion**

Norsk Studentunion (NSU) takkar for høvet til å uttale seg. NSU sitt arbeidsutval har 16.03.10 vedteke følgjande høyringsssvar:

Norsk Studentunion vil først påpeike at det er positivt at unntaket for scenekunst vert videreført, då det er viktig å sikre gode rammevilkår for studentkulturen og studentersamfunna.

Vidare har NSU merka seg at det i den korrigererte versjonen av høyringsnotatet står følgjande setning: "Når det gjelder studentsamskipnadenes treningstilbud overfor studenter vil dette vurderes nærmere opp mot fremleggelsen av en proposisjon for Stortinget". NSU tolkar dette til å tyde at departementet vil kome tilbake til problemstillinga i ei ny høyringsrunde blant mellom anna studentorganisasjonar og studentsamskipnader, og så basert på desse høyringsvara avgjere om studentsamskipnader si verksemd på idrettsområdet skal verte omfatta av den utvida merverdiavgiftsplikta eller likestillast med vilkåra den frivillige idretten vert underlagt.

For NSU er eit godt utvikla treningstilbod særst viktig som eit av fleire tiltak for å bedre både den fysiske og psykiske helsa til studentar, og målet er at alle studentar skal ha tilgong til gode og rimelege idretts/treningstilbod. Ein viktig aktør innan treningstilbodet til studentar er studentsamskipnadane. Studentsamskipnadane har som føremål å etablere tilbod som ein integrert del av det heilskapelege læringsmiljøet ved den einskilde utdanningsinstitusjon. Nokre studentsamskipnader har investert i eigne treningsanlegg, nokre leier kapasitet hos eksterne samarbeidspartnarar, og nokre stader har utdanningsinstitusjonen stilt med eigna lokaler for studentsamskipnaden sitt idrettstilbud til studentane. Ved somme studentsamskipnader kan treningstilbodet til studentane vere basert på ein kombinasjon av desse løysingane.

NSU meiner studentsamskipnadane sine treningstilbod ovanfor studentar bør unntas frå den utvida merverdiavgiftsplikten då det ikkje er av kommersiell karakter, men ein viktig del av studentvelferden i form av å vere forebyggjande helsetilbod. I høyringsnotatet (pkt. 8.4.1) står det at omsetjing frå kommersielle aktørar innan idrettstenester vert avgiftspliktig med redusert sats. Den delen av studentsamskipnadane si verksemd som er retta mot studentsegmentet vert rekna som studentvelferd og ikkje av kommersiell karakter, og regulert i eiga lov og forskrift. Tilbodet er retta mot ei definert kundegruppe (studentar med betalt semesteravgift), det er ikkje konkurransevridande, og det kan vere subsidiert både frå utdanningsinstitusjonar, statstilskot, og overskot frå andre deler av studentsamskipnaden sin verksemd. For NSU er det essensielt at studentvelferda vert sikra gode rammevilkår for å sikre gode og rimelege velferdstilbod, herunder idrettstilbodet.

NSU ser fram til å kome med nærare høyringsssvar i neste runde, og ønsker departementet lukke til med det vidare arbeidet.